



VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I EID

§ 1 Generelt

Eid kommune eig og driv dei kommunale barnehagane.

Oppvekst og kulturutvalet er det politiske organet som ivareteke kommunen sine oppgåver innanfor barnehagesektoren.

Barnehagen skal vere eit pedagogisk tilrettelagt tilbod for barn i førskulealder. Barnehagen skal drivast i samsvar med lov, forskrift og kommunale vedtak.

§ 2 Føremål

”Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta dei behov barn har for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdier som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskertrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og dugleikar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndomen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.” (Barnehagelova §1)

Barnehagane i Eid kommune vert drivne i samsvar med:

- Lov om barnehage, og til ein kvar tid gjeldande føresegner og retningslinjer
- Rammeplan for barnehagar
- Vedtekter for dei kommunale barnehagane i Eid
- Årsplan/verksemdplan for barnehagen
- Kommunale vedtak som t.d. budsjett, kommunale føreskrifter, mm

§ 3 Opptaksmynde.

Etter det kommunale delegeringsreglementet, er opptaksmynde til barnehagane lagt til rådmannen/barnehageadministrasjonen.

Opptaket er samordna mellom barnehagane i kommunen, jamfør barnehagelova § 12 og føresegn om sakshandsamingsreglar ved opptak i barnehage.

§ 4 Opptakskriterier.

Opptak til plass i barnehage vert gjort etter følgjande kriteria:

1. Barn med nedsett funksjonsevne (særskilde behov) har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Jamfør barnehagelova § 19a. og 19g.
Det skal gjerast ei sakkunnig vurdering og tilråding frå den kommunale helsetenesta, PP-tenesta eller andre sakkunnige instansar.
2. Barn som etter ei samla vurdering av barnet og foreldra sin livssituasjon har eit særleg behov for barnehageplass kan prioriterast framom andre, her også søsken i same barnehage.
3. Barn som har plass i den aktuelle barnehagen og som ønskjer auke av plassen.
4. Barn som har eitt år att i barnehagen før skulestart, skal prioriterast.
5. Andre søkjarar og barn som har hatt plass i familiebarnehage.

For at formålsparagrafen i barnehagelova skal bli ivareteke på ein god måte, plasserer opptaksorganet barna i dei ulike barnehagane etter ei vurdering der det vert teke omsyn til ei best mogleg gruppesamansetting med tanke på alder, kjønn osv., i tillegg til foreldra sine behov.

§ 5 Opptak, oppseiing, permisjon og endring av plass.

Opptak til barnehagane vert gjort heile året.. Opptak til nytt barnehage år, som startar 15.august, vert gjort i april.

Søknadsfrist er 15.mars. Ved ledige plassar har kommunen fortløpande opptak.

Barn som fyller 1 år seinast innan utgangen av august det året det søker om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august månad.

Barn som fyller 1 år i september, oktober eller november det året det søker om barnehageplass, har etter søknad, rett til å få plass i barnehage innan utgang av den månaden barnet fyller 1 år. jamfør barnehagelova §12a.

Barn som har fått plass, har denne plassen ut barnehageåret (tom 14.august) det året barnet byrjar på skulen eller til plassen vert sagt opp.

Opptaksmynde v/barnehageadministrasjonen kan utover dette gjere inntak av prioriterte barn, dersom det kjem slike søknader i barnehageåret.

Betaling for barnehageplass forfell den 20. kvar månad, gjeldande for inneverande månad. Dersom foreldrebetaling har stått til forfall i 2 månader, vert det sendt ut brev frå Eid kommune med ny betalingsfrist. Viss kravet ikkje er betalt innan denne fristen, vert føresette innkalla til møte med administrasjonen i Eid kommune. Dette for å inngå betalingsordning med kommunen eller finne ei anna løysing.

Ved for sein eller manglande betaling gjeld §§ i forseinkingsrentelova, inkassolova og tvangsfullbyrdelseslova.

Dersom ein ynskjer å seie opp barnehageplassen, skal dette skje skriftleg. Ein gjer dette «elektronisk» på Eid kommune, si heimeside.

Plass i barnehagen kan seiast opp frå den 1. og den 15. i kvar månad med minst ein månads varsel. Det skal betalast vanleg foreldrebetaling i oppseiingstida sjølv om barnet ikkje nyttar plassen.

Det vert ikkje gjeve friplassar i barnehagane, men ved særskilde høve kan ein søkje økonomisk støtte frå NAV.

Kommunen har maksimalpris og føl moderasjonsordningar etter «Forskrift til foreldrebetaling i barnehage» og gjeldande reglar om redusert foreldrebetaling.

Det vert fakturert for 11 månader i året. Juli månad er betalingsfri.

I særlege tilfelle kan det gjevast permisjon frå barnehagen med fritak for foreldrebetaling.

Søknad om endring av barnehageplass vert handsama på same måte som nye søknader, j.f. § 4 Slik søknad har den same fristen og verknadstidspunkt som ved oppseiing j.f. §5 3 ledd.

§ 6 Klage på opptak

Foreldre/føresette kan klage på opptaket etter reglar i Forvaltningslova.

§ 7 Plassar i barnehagane.

Barnehagane i Eid kan gje tilbod om barnehageplass frå 3 til 5 dagar pr. veke.

Fordelinga mellom dei ulike plassane vert fastsett for kvar einskild barnehage ved opptak

§ 8 Arealnormer

Ved godkjenning av barnehagar skal ein legge til grunn at kvart barn over 3 år skal ha eit leike- og opphaldsareal på minst 4 m². Barn under 3 år skal ha eit areal på minst 5, 3 m².

Golvseingane barnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 680 m².

Stårheim barnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 182 m².

Gjerdane barnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 290 m²

Haugen barnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 100 m²

Utarealet skal til vanleg vere minst 6 gonger så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

§ 9 Godkjende plassar

Golvseingane barnehage 136 heile plassar

Stårheim barnehage 36 heile plassar

Gjerdane barnehage 45 heile plassar

Haugen barnehage 18 heile plassar

Barn under 3 år vert rekna for 2.

Talet på godkjende plassar gjeld som eit utgangspunkt for inntak. Inntaket skal vere i samsvar med dei fastsette areal- og personalnormene, og talet på plassar kan verte justerte ut frå dette.

§ 10 Personalressursar

Bemanningsnorm : Ein tilsett pr. tre barn under tre år og ein tilsett pr. seks barn over 3 år.

Pedagognorm: Ein pedagogisk leiar pr. sju barn under tre år og minst ein pedagogisk leiar pr. fjorten barn over tre år.

Barn skal reknast som tre år frå 1.august det året barnet fyller tre år.

§ 11 Opningstid

Oppvekst og kulturutvalet handsamar årleg sak om barnehageruta.

Barnehageruta fastset barnehagane si daglege opningstid og om barnehagane skal vere stengde i visse periodar.

§ 12 Ferie

I løpet av barnehageåret skal alle barn ha 5 veker ferie. Ei veke blir brukt i samband med planleggings dagar fordelt på heile året, jfr. barnehageruta.

Minst 3 veker samanhengande skal i hovudregelen takast ut i tidsrommet 15.05-15.08.

Fastsetjing av ferie må avtalast med den einskilde barnehage i god tid, før 14.april.

Dersom nokon ynskjer unntak frå hovudregelen, må ein søkje skriftleg til styrar i barnehagen på førehand.

§ 13 Foreldrebetaling.

Kommunestyret fastset årleg betalingssatsar og betalingsordning for barnehagane. Ved delt foreldreansvar er begge foreldra ansvarlege for betaling av barnehageplassen.

§ 14 Foreldreråd

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd der foreldra/føresette til alle barna i barnehagen er medlemmer. Styraren i barnehagen syter for at det vert kalla inn til det første møtet i kvart barnehageår.

§15 Samarbeidsutval

Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval samansett av

- 2 representantar for foreldra/føresette, valde av foreldrerådet for 1 år
- 2 representantar for dei tilsette, valde av personalet for 1 år
- 1 representant for kommunen, vald av Oppvekst og kulturutvalet for 4 år.

§ 16 Internkontroll

Det skal vere utarbeidd rutinar for internkontroll ved kvar einskild barnehage.

Vedtektene er vedtekne i Driftsutvalet, sak 08/12, den 16.02.2012

I ettertid har (§ 5 om »rett til plass i barnehage» er endra i februar 2017 og om foreldrebetaling er endra i august 2017.

Vedtektene for dei kommunale barnehagane i Eid kommune er oppdaterte etter gjeldande lover og føresegner, våren 2019.